

# BLØMINGSFESTIVALEN 2010

## Konkurransereglar.

Konkurransen startar lørdag 15. mai kl 11.00 på Hardangertun.

1. Orkestra skal spela 2 gamaldansmelodiar i ulike danseartar.  
**Orkestermedlemmer bør ikkje delta i meir enn dei orkester dei er faste medlemmer av. Det er ikkje lov å delta i meir enn eitt orkester utanom. Kompet er unnateke denne regelen.**  
Alle orkestermedlemene bør ha opphav frå Hordaland, Sogn og Fjordane eller Rogaland.  
Kvart orkester får spela nokre taktar av ein melodi, som ikkje skal brukas i konkurransen, slik at lydteknikar/hovuddomar får rett lydbilete.
2. 5 orkester går vidare til finalen som startar laudag 15. mai kl 19.30.  
I finalen skal kvart orkester spela 5 melodiar til dans.  
Melodivalget må innehalda minst ein-1- av desse danseartar:  
Vals  
Reinlendar (schottis, ganglåt, snoa)  
Polka (hamborgar, galopp, skotsk)  
Masurka (pols, springpolka, hambo)  
  
Melodiar som er brukt i kvalifiseringa kan brukast i finalen.  
Startrekkefølga for finalistane vert trekt.
3. Det er 5 domarar som dømmer i konkurransen. Kvar domar kan dela ut max 50 poeng.  
Den høgaste og lågaste poengsummen vert stroken, slik at kvart orkester kan få max 150 poeng.  
Etter kvalifiseringa vert startrekkefølga på finalistane offentleggjort ved oppslag.  
Resultatlista frå 5 og utover vert offentleggjort på premieutdelinga, og ved oppslag.  
Finalistane startar på nytt att i poeng til finalen.
4. Poenga frå kvar domar vert fordelt slik:
  1. Max 20 poeng - Generelt inntrykk av dansemusikken.
  2. " 10 " - Utføring og samspel
  3. " 10 " - Komp
  4. " 10 " - Arrangement.
5. Kvart orkester må møte i god tid (helst ½ time) før både kvalifisering og finale – til registrering.
6. Det vert utdelt medaljer og pokalar til dei 3 beste (gull, sølv og bronse), i tillegg får det vinnande orkesteret aksje i vandrepokalen (Hardingpokalen) som må vinnast 3 gonger tilsaman.

I 1998 vann Elle's frå Gaupne den første pokalen til odal og eiga.

I 2003 vann Sogning og Stril frå Arna/Gaupne den andre pokalen.